



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Statsråden

Dykkar ref

Vår ref

Dato

-

26. april 2021

Endring i rundskriv T-2/16 om nasjonale og vesentlege regionale interesse på miljøområdet - handsaming av nye torvuttak

Eg har no oppdatert rundskriv T-2/16 om nasjonale og vesentlege regionale interesse på miljøområdet. Oppdateringane gjeld i kva tilfelle statsforvaltaren kan fremje motsegn til nye torvuttak.

Regjeringa har lagt fram Meld. St. 13 (2020-2021) Klimaplan for 2021-2030. Denne meldinga varslar blant anna at regjeringa vil vurdere å innføre forbod mot å opne nye torvuttak, samt vurdere tiltak med heimel i plan- og bygningslova for å unngå at det blir gitt løyve til nye uttak fram til spørsmålet om forbod er avklart.

Myrane er store karbonlager og viktige for naturmangfaldet. Dei held tilbake mindre flaumar og hindrar tørke. Torv er ein avgrensa ressurs, og uttak og bruk av torv fører til utslepp av klimagassar. Dei fleste torvuttaka skjer i høgmyrar, ein trua naturtype i Noreg og Europa. I følgje Miljødirektoratet tek torvprodusentar no ut torv på 21 felt som dekkjer omtrent 11 km². Seks fleire felt er sette av i arealplan, men ikkje teke i bruk. Med nivået vi har i dag på uttaka, kan produsentane drive dei 27 felta som allereie er sette av i 20 år til. Det er sannsynleg at det i tillegg finst uttak som ikkje er registrert, og omfanget av slike er ikkje kjend.

Dei siste fem åra har torvuttaket vore rundt 330 000 m³ årleg. Dette har gitt utslepp på rundt 83 000 tonn CO₂-ekvivalentar per år. Det er difor viktig å raskt utvikle torvfrie og torvreduserte alternativ, utnytte fornybare ressursar i jordforbetningsprodukt som for eksempel trefiber/fli, bork, biokull og kompost frå park- og hageavfall, og minske bruken av torv.

Meld. St. 13 (2020-2021) Klimaplan for 2021-2030 varslar at i tida framover vil regjeringa arbeide vidare med å fremje bruk av torvfrie framfor torvbaserte produkt. Regjeringa vil også utgreie ei avgift på utslepp av klimagassar frå uttak av torv. Jord- og torvindustrien er ei næring med spesialkompetanse på jord og jordforbetringsmiddel som vi treng i lågutsleppssamfunnet. Regjeringa legg opp til at næringa i framtida skal vri verksemda til meir klima- og miljøvennlege produkt. Næringa vil få god tid til å utvikle desse. Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet løyver i dag midlar til forskning og utgreiing blant anna gjennom Norges forskningsråd. Midlane skal bidra til ei klima- og miljøvennleg omstilling, for eksempel utvikling og bruk av nye jordprodukt utan torv.

For gjeldande regelverk om uttak av torv viser vi til brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 19. november 2015 om kommunal behandling av torvuttak ([sjå brev](#)). Torvuttak til produksjonsformål kan berre skje i område som er sett av til råstoffutvinning i kommunal arealplan etter plan- og bygningslova. Det er kommunane sitt ansvar å gjennomføre arealplanlegging etter plan- og bygningslova, og å ivareta nasjonale og viktige regionale interesser. Kommunane skal i sine planar leggje til grunn retningslinjer og pålegg frå regionale og statlege styresmakter. *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023* uttrykkjer regjeringa si forventning om at fylkeskommunane og kommunane i planlegginga si vektlegg arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar, inkludert utslepp frå arealbruksendringar, og at dei identifiserer og tek omsyn til viktig naturmangfald. I 2017 fastsette departementet [krav om konsekvensutgreiing for uttak av torv](#) for alle område på meir enn 200 dekar. Torvuttak på område inntil 200 dekar krev ei nærare vurdering av om det vil vere krav om konsekvensutgreiing.

Det mest effektive tiltaket for å motverke negative effektar for klimaet og naturmangfaldet av bruk og uttak av torv er å forhindre at nye myrområde blir opna for torvuttak. Regjeringa vil derfor vurdere å innføre eit forbod mot å opne nye torvuttak. Eit eventuelt forbod må bli utgreidd og vurdert nøye, og vil derfor ikkje vere på plass før om ei stund. Inntil regjeringa si vurdering av eit forbod er avslutta, blir det sett på som ei nasjonal og vesentleg regional interesse å forhindre utnytting av nye myrområde til torvuttak. [Rundskriv T-2/16 om nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet](#) er difor no endra. Eg ber om at kommunane tek omsyn til dette i planlegging og behandling av enkeltsaker etter plan- og bygningslova.

Statsforvaltaren og fylkeskommunane kan fremje motsegn mot kommunane sine arealplanar dersom planen gir konflikt med nasjonale og vesentlege regionale miljøinteresser. Endringa i rundskriv T-2/16 gir no grunnlag for motsegn til opning av myrområde for torvuttak. Klima- og miljødepartementet har inkludert eit punkt under kap. 3.4 *Klima* som lyder:

I påvente av regjeringens vurdering av nye regler om nedbygging og bruk av myr og annen våtmark, skal innsigelse vurderes dersom arealplaner åpner for nye torvuttak.

Med helsing



Sveinung Rotevatn